

**Dobbelt så mange daude hjortar som normalt**

28.04.2010

**Samanlikna med normalen har viltforvaltar Leif Trygve Varanes etter denne vinteren fått inn meldingar om dobbelt så mange daude hjortar som er funne rundt om i kommunen. Ein av dei buikka under på Musland i Uskedalen (biletet)**

Varanes slår fast for Kvinnheringen at etter ein slik vinter er det normalt med eit fråfall - i dette tilfellet 102 daude hjortar frå 1. april i år og eitt år framover. Av desse vart 23 påkjørte hjortar og 6

rådyr.

Det var nokre færre påkjørte enn i dei to siste åra, noko som truleg har samanheng med at hjorten held seg meire i ro når det er mykje snø.

Varanes meiner at ein så streng vinter på mange måtar er sunn for hjortestamma. Dei som stryk med har låg avlsverdi.

Vinterbestanden er stipulert til 3.800 dyr i Noregs største hjortekommune. Grunneigarar og turgåarar bør melda frå om daude hjortar.